

Jubileumskor med fyrste øvinga

11.02.2014



Den fyrste øvinga til jubileumskoret  
fann stad måndag kveld i kyrkja og var  
svært lovande, melder sokneådsleiar Møyfrid Kristoffersen.  
Det møtte berre 5, men det var en kjekk kveld, held ho fram.  
Neste øving er 24 februar og då møter det sikkert fleire,  
håpar Møyfrid.

Det er kantor Eva Megyesi som tek seg av det musikalske  
medan Møyfrid og Svanhill Haugland har ansvar for det  
administrative.

På programmet kjem det til å stå både gamle og nye salmar frå den store salmeskatten vår og to viktige mål for songen vert konserten i april og jubileumsgudstenesta i september.  
Det vert øvingar annankvar måndag i oddetalsvekene.

Møyfrid strekar under at det ikkje er krav om nokon form for førebuing eller songbakgrunn av songarane.  
Ho peikar på at dette er eit fint tilbod frå Fellesrådet til Uskedalen ettersom det dekkjer utgiftene til kantoren, som har eit svært godt musikalsk omdømme.

På biletet over er Eva Megyesi på orgelkrakken i kyrkja i Uskedalen saman med Kristine Herstad, som spelar tverrfløyte. Dei hadde konsert saman her i fjor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen  
NETT: Ola Matti Mathisen